

## Saksprotokoll i Vestland ungdomsutval - 11.12.2020

**Susanne Sørli Slettebakken** sette fram slikt forslag til uttale:

«Vestland ungdomsutvalg meiner at det bør leggas av meir pengar til skulehelsetjenesta fordi elevane treng ei meir tilgjengeleg skulehelsetjeneste generelt, men og spesielt i denne vanskelege tida med covid-19. VU oppmodnar til at elevar og lærlingar som tar kollektiv transport til og frå skulen og arbeidsplass skal få tilbod om gratis munnbind. VU meiner at fylkeskommunen må sikre midlar til både fysiske og digitale læremidlar til alle elevar. Spesielt med fagfornyinga er det viktig at elevane får dei læremidlane som fungerer for dei.

VU meiner også at følgjande linjar på følgjande skular ikkje bør leggjast ned eller kuttast i klassar:

Kvam vgs: Elektro og datateknologi.  
På denne linja er det eigentleg lagt opp til ei halv klasse, men i skuleåret 2019-2020 tok inn fleire elevar grunna mange søkarar. Elevane som bur nærme Kvam må reise heilt til Åsane dersom fjerninga av dette utdanningstilboet går igjennom. Å leggje ned denne linja vil få store konsekvensar.

Kvinnherad vgs, Fyllingsdalen vgs, Os vgs, Slåtthaug vgs, Sotra vgs, Årstad vgs, Åsane vgs og Hafstad vgs: Påbygg.  
Påbyggklassane er viktige for dei yrkesfaglege elevane som ikkje ynskjer å bli lærling. Det er viktig for nærmiljøet og eleven at eleven ikkje treng å flytte langt vekk fordi dei velgjar å bli lærling. For nokon er det svært krevjande å flytte for å gå på skule. Ungdommer kan endre meiningar om framtida i frå dei går på ungdomsskulen og gjennom heile den vidaregåande utdanninga. Derfor er mogelegheita til å kunne velgje bort å vere lærling og å kunne gå påbygg også viktig for dei elevane som ynskjer å studere vidare etter vgs.»

### Avrøysting

Slettebakken sitt forslag vart samrøystes vedteke.

### Uttale til fylkestinget

Vestland ungdomsutval meiner at det bør leggjast av meir pengar til skulehelsetenesta fordi elevane treng ei meir tilgjengeleg skulehelseteneste generelt, men og spesielt i denne vanskelege tida med covid-19.

VU oppmodar til at elevar og lærlingar som tar kollektiv transport til og frå skulen og arbeidsplass skal få tilbod om gratis munnbind.

VU meiner at fylkeskommunen må sikre midlar til både fysiske og digitale læremidlar til alle elevar. Spesielt med fagfornyinga er det viktig at elevane får dei læremidlane som fungerer for dei.

VU meiner også at følgjande linjer på følgjande skular ikkje bør leggjast ned eller kuttast i klassar:

Kvam vgs: elektro og datateknologi

På denne linja er det eigentleg lagt opp til ein halv klasse, men i skuleåret 2019-2020 tok dei inn fleire elevar grunna mange søkjarar. Elevane som bur nærme Kvam må reise heilt til Åsane dersom fjerninga av dette utdanningstilbodet går gjennom. Å leggje ned denne linja vil få store konsekvensar.

Kvinnherad vgs, Fyllingsdalen vgs, Os vgs, Slåtthaug vgs, Sotra vgs, Årstad vgs, Åsane vgs og Hafstad vgs: Påbygg

Påbyggklassane er viktige for dei yrkesfaglege elevane som ikkje ynskjer å bli lærling. Det er viktig for nærmiljøet og eleven at eleven ikkje treng å flytte langt vekk fordi dei vel å ikkje bli lærling. For nokon er det svært krevjande å flytte for å gå på skule. Ungdommar kan endre meiningar om framtida i frå dei går på ungdomsskulen og gjennom heile den vidaregåande utdanninga. Derfor er mogelegheita til å kunne velje vekk å vere lærling og å kunne gå på påbygg og viktig for dei elevane som ynskjer å studere vidare etter vidaregåande utdanning.